

## Mykje for politiet

**VOSS:** Det har vore fleire saker å hengja fingrane i for lovas lange arm i helga, opplyser Edvin Kaldestad i Voss lensmannsdistrikt.

Laurdag føremiddag hadde folk frå lensmannsdistriket promillekontroll i Voss sentrum mellom klokka 10 og 11. Til saman vart 67 bilførarar kontrollerte, men ingen av utandingsprøvane gav utsag.

Laurdag kveld ved 22-tida vart politiet kontakta av ei kvinne som fortalte at ho hadde vorte fråstolen fleire klede frå bilen sin. Bilen stod parkert på Tinghusplassen. To personar vart observerte på staden, men politiet hadde måndag føremiddag ikkje pågripe nokon. No ynskjer dei tips frå publikum om einkvan har lagt merke til uvanleg aktivitet av to personar i området laurdag kveld.

### Overstadig rusa

Laurdag kveld klokka 23.15 tok politiet på Voss hand om ei overstadig rusa kvinne. Kvinnen vart køyrt til arresten i Bergen. Ho vil vera meld for å ha forstyrra den alminnelege ro og orden. Kvinnen i slutten av 30-åra var sint og utagerande og vart plukka opp på Tinghusplassen.

Ved 03-tida natt til sundag var det tilløp til slagsmål i sentrum. Men politiet kom til staden og fekk roa ned krangefantane.

Sundag morgen klokka 04.27 vart ein stuptrytt og rusa mann vekt opp av politiet. Han hadde lagt seg til å sova ved parkeringsautomaten ved Posten. Mannen vart vekt og greidde for eiga maskin å ta seg frå staden.

### Innbrot

Sundag føremiddag vart det meldt om innbrot i ei bueining på Fleischer's motell. Gjestene som melde frå om innbrotet fortalte at tjuvane hadde teke med seg bagasjen deira. Også bilen deira hadde uvedkomande teke seg inn i. Politiet kunne måndag føremiddag ikkje seia noko om korleis gjerningsmannen eller mennene hadde teke seg inn. Politiet er interesserte i tips i saka.

FRODE RENE | tekst  
fr@avisa-hordaland.no

**LAGERSALG**  
Vi tømmer lageret for duk!  
Velg fritt blant våre utvalgte plissé- og lamellgardiner  
**inntil 25% rabatt**  
Tilbuddet gjelder ut september  
Gratis befaring: **04990**

**SCANDIC**  
MARKISER PERSIENNER INTERIØR  
[www.scandic.no](http://www.scandic.no)

# - Små bustader i sentrum

**Små bustader i bakgardane på Vangen er løysinga på bustadproblema i sentrum, meiner arkitekt Per Fretheim.**

I diplomoppgåva si har han teke utgangspunkt i bustadsituasjonen og turismen på Vangen. Her har han leika seg med tanken om at ein kan campa på hustaka, rafta ved Langebrua - og bu så sentralt som mogleg. Fretheim presenterte nyleg diplomoppgåva si for Voss kommune.

Ved å byggja små bustader i sentrum, får ein utnytta areala betre og på denne måten kan ein løysa bustadproblematikken som er på Voss, meiner arkitekten.

- Slik får ein utnytta sentrum betre. Folk vil bu i sentrum, dei vil ha hage og einebustader. Dei kan ikkje få alt, seier Fretheim.

Fretheim meiner at utbygging av bustader bør starta i sentrum av Vangen og ikkje i område utanfor.

- Eg meiner fortetting bør starta frå sentrum. Eg trur det er viktigare å fokusera på leilegheiter i sentrum og tiltrekka seg den yngre garde, som vil ha små bustader.

Fretheim har valt å leggja eit lok i etasje over bakken i bakgarden på ein del av dei eksisterande byggarane for å leggja all parkeering og tilgang til butikkar i fyrste plan. Dermed så gjev ein rom for nye leilegheiter oppå loket.

### Turisme

- Eg har sett på kva manglar som er på Vangen og sett fokus på kva som kan gjera sentrum sterkare, når ein knyter det opp til turisme, seier Fretheim.

- Eg har prøvt å fokusera på ein del av dei aktivitetane Voss er kjend for, og synleggjera desse i sentrum for å styrkja dei offentlege romma.

Ved å flytta gondolbanen og laga fleire stopp, er tilgangen til fjellet, elvane og flyplassen betre.

- Eg har fokusert på å tilretteleggja for enklare overnatting i sentrum. Eg trur det er eit stort potensiale i ei yngre, uetablert brukargruppe. Den typiske «opplevingsturisten» vil ikkje betala mykje for ein fancy overnattingsplass, men set gjerne større pris på meir urbane fasilitetar og har difor eit større potensial for aktivitetsnivå på Vangen. Ein kan meina kva ein vil om hytteutbygging og nye comfort-hotel, men



**SMÅTT:** Små bustader i sentrum er løysinga, meiner arkitekt Per Fretheim.

ingen av dei er retta mot denne brukargruppa.

Talet på besökjande varierereldig, og sjølv sagt kan ein ikkje laga permanente overnattingstader til 15.000 menneske som kjem eit par gonger i året. Som eit svar til desse besøkseksplosjonane, som under Ekstremsportveko, har Fretheim valt å tilretteleggja for camping på taka.

- Ideen er at ein kan setja opp telt på dei flate takane i sentrum. Eg har sjølv sove i telt på taket av Sosialbygget og det kan verkeleg tilrådashård, seier Fretheim.

Som ein del av den leikne identiteten til Voss som ei festivalbygd, kan dette ifylge arkitekten gje Voss eit sær preg. Ein kjem seg slik vekk frå sentrumsmaset, samstundes som ein har alt tilgjengeleg rundt seg.

Eitt av dei grepa han har gjort er å fjerna ein del av Uttrågata mellom Tinghuset og Park Hotel Vossevangen, for å dra heile Prestegardslandet heilt opp til Torgget og dermed dra festivallivet heilt inn i sentrum.

### Nye knutepunkt

Fretheim har kritisert strategien med Voss sitt nye knutepunkt i området rundt Park, Fleischer's og togstasjonen. Han meiner at målet for denne typen utvikling bør vera å styrkja sentrum på best mogleg måte, og då med fokus på eksisterande næring på Vangen.

- Det nye knutepunktet bør liggja så sentralt som mogleg, både for å gjera Vangen tilgjengeleg for beburarar utanfor sentrumskjernen og for å gjera aktivitetar meir tilgjengeleg frå sentrum. Og for å få dei besøkande inn til sentrum, slik at den lokale næringa på Vangen betre kan dra nytte av Voss som ein vellukka destinasjon. For å oppnå dette har Fret-



**GONDOLBANE:** Fretheim meiner at den nye gondolbanen må ha ein meir sentral start.

SKISSE: PER FRETHEIM



**EKSTREMSPORT:** Arkitekt Per Fretheim ynskjer meir aktivitetar sentralt.

SKISSE: PER FRETHEIM



**PÅ TAKET:** Per Fretheim tok seg ei natt i telt på taket av Sosialbygget. Det tilrår han på det sterke.

FOTO: PRIVAT

heim valt å bruka dei gamle spora til Hardangerbana for å tilretteleggja for fleire togstopp i sentrum. I samband med det mest sentrale stoppet på Hestavangen har Fretheim også plassert den nye gondolbana.

- Dinglo og Danglo har jo vore hjarta til Voss i mange år. Gondolbana vert ein del av dei mange aktivitetane som har vore med å

skapa den leikne og uhøgtidlige identiteten som skil Voss frå andre stader. Den nye gondolbana bør difor få ei så sentral plasering som mogleg, meiner han.

BRYNHILD STEINE | tekst  
bs@avisa-hordaland.no

## Kan byggja høgare og tettare

**VOSS:** - Me veit at sentrum av Voss har stort potensial for fortetting, seier plan- og miljøsjef Gunnar Bergo.

- Utgangspunktet er at me treng fortetting i sentrum. Sentrum er meir enn flat-Vangen, men det er klart stort potensiale også midt i sentrum. Det er den beste staden

å fortetta. Og Fretheim har kome med fleire interessante og spennande idear og framlegg til fortetting, seier Bergo.

Plan- og miljøsjefen var til stades då arkitekt Per Fretheim presenterte diplomoppgåva som tok utgangspunkt i bustadsituasjonen på Vangen.

- Me treng bustader der ein kan gå til jobben og til jernbanen, i

forhold til pendling til Bergen, viss Voss skal ta noko av veksten som Bergen ventar dei neste åra, seier Bergo.

- Ein kan byggja noko høgare, for å utvikla sentrum som ein by, men det kan også vera andre måtar å tenkja på. Små bustader i bakgarden, som Fretheim forslår, kan vera ei mogelegheit. I sentrum kan ein ikkje rekna med

å ha særleg med hage og uteareal. Men eg jobbar med kommuneplanen, som legg overordna føringar. Korleis fortetting skal føregå er noko som må avklarast i detaljplanlegginga, understrekar Bergo.

ANNE RIVENES | tekst  
ar@avisa-hordaland.no